



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

FYLKESRÅDMANNEN
Kulturavdelinga

Pds Arkitekt AS
Kvalamarka 6

5514 HAUGESUND

02.10.2018

Dykkar ref.:

Saksbehandlar: Angunn Skeiseid
Direkte telefon: 51 91 10 80

Saksnr. 18/22542-2
Løpenr. 70283/18
Arkivnr. FR-RB KAR Varaneset

fiskekai

KARMØY KOMMUNE - GNR.106, BNR.85 M.FL. - DETALJREGULERING FOR VARANESSET FISKEKAI - VARSEL OM OPPSTART. UTTALE VEDRØRANDE AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Fylkesrådmannen viser til varsel om oppstart av detaljregulering for Varaneset fiskekai, Fosen i Karmøy kommune.

Fylkesrådmannen har vurdert oppstartsverselet som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern. Sidan planområdet også omfattar område i sjø, er planen oversendt Stavanger maritime museum for uttale.

Vedrørende automatisk freda kulturminne på land

Ut frå kart- og arkivsjekk kan vi ikkje sjå at den omsøkte planen vil komme i konflikt med automatisk freda kulturminne. Fylkesrådmannen har på den bakgrunn ingen merknader til planen.

Rogaland fylkeskommune vil likevel understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i planområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av planen straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndigheit har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Vedrørende kulturminne i sjø

Stavanger maritime museum kjenner ikkje til kulturminne i sjø i det varsla området. Planområdet er svært lite og det vart vurdert til ikkje å ha potensiale for funn av hittil ukjente freda kulturminne eller skipsfunn.

Museet har ingen merknader omsøkt plan. Om det likevel under gjennomføringa av tiltaket vert oppdaga kulturhistorisk materiale som kan vere verna eller freda (for eksempel vrakdelar, keramikk, bearbeida flint, glas, kritt Piper eller anna), må arbeida straks stansast og kulturminnemyndigheitene må varslast, jf. kml § 8, 2. ledd og §14. Tiltakshavar pliktar å informere den som skal utføre arbeida om dette, men står også sjølv ansvarleg for at det vert gjort.

POSTADRESSE
Postboks 130 Sentrum
4001 STAVANGER

BESØKSADRESSE
Arkitekt Eckhoffsgt. 1
STAVANGER

TELEFON
51 51 66 00

ORGANISASJONSNR.
971045698

BANKGIRO:
3201.05.50520

E-POST: firmapost@rogfk.no

INTERNETT: www.rogfk.no

Med helsing
Seksjon for kulturarv

Jan G. Auestad
fylkeskonservator

Angunn Skeiseid
rådgjevar

Kopi: Karmøy kommune
Fylkesmannen i Rogaland
Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje signatur.